

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-223, FA-U01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 08.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/23	Utval for næringsutvikling og drift	07.06.2023

Søknad til Næringsfondet - Alverhonning - Popp-Opp-Butikk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Popp-Opp-Butikk av Alverhonning vert tildelt kroner 10 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.06.2023:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 021/23 Vedtak:

Prosjektet Popp-Opp-Butikk av Alverhonning vert tildelt kroner 10 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn:

Alverhonning er eit enkelpersonforetak. Bransje: 01.490 Husdyrhald elles. Registrert 22.05.2019. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar:

Alverhonning er lokalisert på Frekhaug og driv i dag med honningproduksjon og sal av dette. Selskapet vart etablert våren 2019 og har to tilsette på deltid.

Om prosjektet:

Alverhonning hadde ein god lynghonninghaust i 2022 med stor produksjon og har no eit restlager som selskapet ønskjer å selje ut før neste sesong. Til vanleg sel verksemda all produsert honning gjennom sosiale media og deltaking på Kystsogedagane. Dei har no fleire kubar enn tidlegare og større produksjon, og det er dermed viktig å finne gode måtar og selje honningen på.

Direktesal til kunden gir om lag fem gongar meir for kiloet enn sal til Honningcentralen og liknande.

Alverhonning ønskjer difor å laga ein Popp-Opp-Butikk for å vidareutvikle salsmetodane i verksemda.

Prosjektleveranse/Målsetting

I dette prosjektet vil Alverhonning ha eit telt på størrelse 3x3 meter, eit klappbord og eit lite kjøleskap, samt ein hengar til transport av utstyret. Det skal vere logo på telt og hengar. På dette viset kan selskapet poppe opp på marknader, parkeringsplassar, utstillingar, midt på stien og kor som helst. Show og underhaldning er ein del av Alverhonning sin profil og selskapet har planar om å kjøpe ein visningskube for å ha bier i, slik at folk kan få sjå biene.

Alverhonning satsar på at prosjektet vil vere ein god måte å synleggjere produkta på og gi god erfaring for vidare læring og utvikling av verksemda.

Prosjektøkonomi:

Prosjektnavn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Popp-Opp-Butikk	50 200	25 100	10 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Søknaden viser til at Alverhonning ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt og gjeld i hovudsak støtte til investering i nytt utstyr til ein Popp-Opp-Butikk for å få oppnå vidare vekst i verksemda. Gjennom nye salsmetodar og auka synlegheit ønskjer selskapet å skape auka omsetning. Erfaringa vil gi kompetanseutvikling i eiga verksemd og danne grunnlag for korleis selskapet skal satse framover for vidare utvikling og vekst. Dette kan bidra til arbeidsplassutvikling i verksemda og slik stimulere til ei berekraftig næringsutvikling.

Vurdering:

Alver kommune ser positivt på utviklingsprosjektet Alverhonning viser til for å synleggjere produkta, skape auka omsetning og vidare utvikling og vekst i verksemda

Etter ei vurdering samla sett er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til kompetanseutvikling og vekst i eksisterande verksemdar i Alver kommune.

Vedlegg i saken:

31.05.2023 Alverhonning søknad 01.05.23

1934546